

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Sjukehusapoteka Vest HF
Dato: 26.11.2014
Frå: Administrerande direktør Jannicke Daae Tønjum
Sakshandsamar: Administrerande direktør Jannicke Daae Tønjum, Fagdirektør Øystein Torgauten, HR-sjef Berit Berntsen, Økonomisjef Ola Rye
Saka gjeld: **Årleg melding for Sjukehusapoteka Vest HF 2014**

Styresak 69/14 (B)

Styremøte 03.12.2014

Forslag til vedtak

1. Styret i Sjukehusapoteka Vest vedtek Årleg melding for Sjukehusapoteka Vest HF 2014.
2. Styret i Sjukehusapoteka Vest gir administrasjonen høve til å oppdatere aktivitetstal og økonomital samt nødvendige kommentarar knytt til desse før Årleg melding for Sjukehusapoteka Vest HF 2014 vert sendt til Helse Vest RHF innan fristen 15. januar 2015.

Oppsummering

Årleg melding for Sjukehusapoteka Vest HF 2014 (Vedlegg 1) kan strukturelt deles i tre delar:

- Hovudområder for styring og oppfølging i 2014 sett av administrerende direktør i føretaket
- Helsefaglege, økonomiske og organisatoriske krav frå Helse Vest RHF
- Plandokument for 2015

Årleg melding er utforma på mal frå Helse Vest.

Årleg melding er først og fremst ein rapport på bestilling frå eigar, og vier ikkje ei samla over alt utviklingsarbeidet som går føre i Sjukehusapoteka Vest.

Sjukehusapoteka Vest har gjennom 2014 levert på dei krav som er sett til føretaket.

Fakta

Årleg melding for Sjukehusapoteka Vest HF 2014 (Vedlegg 1) kan strukturelt deles i tre delar:

- Hovudområder for styring og oppfølging i 2014 sett av administrerende direktør i føretaket
- Helsefaglege, økonomiske og organisatoriske krav frå Helse Vest
- Plandokument for 2015

Årleg melding er utforma på mal frå Helse Vest. I rapporten (Vedlegg 1) er kvart kulepunkt eit oppdrag henta frå «Styringsdokumentet for Sjukehusapoteka Vest HF 2014». Status på det enkelt oppdrag er kommentert i ein kort påfølgande tekst.

Kommentar

Årleg melding er først og fremst ein rapport på bestilling frå eigar, og vier ikkje ei samla over alt utviklingsarbeidet som går føre i Sjukehusapoteka Vest.

Årleg melding skal godkjennast av styret i Sjukehusapoteka Vest og sendast Helse Vest RHF innan 15. januar 2015. Av di driftsåret 2014 ikkje er avslutta på tidpunkt for rapportutarbeiding til styret, inneheld Årleg melding 2014 berre datagrunnlag frem til oktober/ november. Det er likevel ingen teken til at årets siste driftsmånadar vil endre faktum at Sjukehusapoteka Vest gjennom 2014 har levert på dei krav som er sett til føretaket.

Konklusjon

Helseføretaket har, innanfor dei rammene som er satt av styret, klart å levere på dei bestillingane eigar gjennom «Styringsdokumentet for Sjukehusapoteka Vest HF 2014» har sett for føretaket.

Vedlegg

Vedlegg 1 – Årleg melding for Sjukehusapoteka Vest HF 2014